

Reform av EU sin felles fiskeripolitikk

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet utarbeider ei fråsegn til EU kommisjonen om revisjon av felles fiskeripolitikk basert på følgjande punkt:

- totalforbod mot utkasting av fisk
- strengare reaksjonar mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske
- tilpassing av flåtekapasitet til ressursgrunnlag
- funksjonell organisering av fiskeriforvaltinga basert på nærleiksprinsippet
- sterkare virkemiddel i handhevinga av strategiane for forvalting av fiskeressursane
- havområdebasert forvalting på tvers av landegrensar, men med større medansvar for forvaltinga for desse makroregionane
- større fokus på miljø i fiskerinæringa
- fjerning av subsidiar
- forskings- og kunnskapsbasert forvalting av fiskebestandane
- diversifisering av næringa – levedyktige lokalsamfunn, utvikling av komplementære næringar
- 'good governance' – samarbeid mellom alle aktørar, private og offentlege, medbestemming og medansvar

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn

Vi legg med dette fram eit framlegg til uttale frå Vestlandsrådet til EU sin "grønbok" om revisjon av felles fiskeripolitikkⁱ. Grønbok om fiskeripolitikken inngår samstundes som ein del av EUs Maritime strategi. I arbeidet med EUs Maritime strategi, som vart utarbeidd ei av politisk oppnemnt gruppe i desember 2008 og som la fram ein rapport om dette i siste møte i Vestlandsrådet i Kristiansund i september 2009, vart derfor spørsmålet om ein eigen grøn bok om fiskeri omtala kort. Her gjorde ein m.a. merksam på at trass i at fiskeripolitikken ikkje er regulert i EØS-avtalen, viste ein til at fiskerikommissær Borge seinast i midten av juni 2009 sa at Noreg er ein strategisk viktig partner innan fiskeripolitikken. Grunnen er at vi deler fiskebestandar, og EU ser det som avgjerande å styrke samarbeidet med Noreg. M.a. er Noreg sitt arbeid med å redusere utkast av fisk, eit område der EU støttar Noreg. Noregs ambassadør til EU, Oda Sletnes, har òg peika på at Noreg si rolle som rådgjevar innan fiskeripolitikk er viktig for EU fordi Noreg har handtert sin fiskeripolitikk suksessfullt i mange år.

Den politiske gruppa som er oppnemnt for å følgje opp arbeidet med EUs maritime strategi, meiner EUs framlegg til revisjon av felles fiskeripolitikk er viktig og at Vestlandsrådet må ei aktiv stemme òg i forhold til EUs fiskeripolitikk.

Visjon

EU kommisjonen la 22.april fram ei grøn bok (diskusjonsnotat) om revisjon av sin felles fiskeripolitikk, som sist blei revidert i 2002. Frist for høyringsinnspel er 31 desember 2009.

Grønboka startar med ein visjon om korleis dei europeiske fiskeria er i året 2020. Visjonen – som altså er forma som eit ønska scenario for 2020 – ser føre seg at fisk er blitt menneskas viktigaste kjelde til animalsk protein og sunt feitt, med eit stadig aukande forbruk, og at importen av fisk utgjer ein stadig mindre del av forbruket. Overfiske er no historie og nesten alle fiskeslag er tilbake på bærekraftige nivå og med gode inntekter til fiskarane. Europas fiskeindustri er blitt meir robust og industriflåten behøver ikkje økonomisk støtte frå EU, og kystfiskeria har tatt seg opp og leverer hovudsakleg konsumfisk til ein stadig aukande marknad. EU sin eigen fiskeripolitikk er no straumlinjeforma og effektiv, og mange avgjerder blir tekne på lokalt og regionalt nivå. EU samarbeider òg tett med tredjeland, slik at alle fiskeri i verda er bærekraftige.

Dagens fiskeripolitikk i EU

Grønboka kjem så med ei erkjenning av at den felles fiskeripolitikken har svikta på vesentlege område, hovudsakleg grunna fem strukturelle problem:

- overkapasitet, for mange fiskebåtar
- uklære mål i fiskeripolitikken, som igjen har leia til utilstrekkeleg grunnlag for avgjerder og dårleg gjennomføring
- eit system for vedtak som fremjar kortsiktige løysingar
- eit rammeverk som ikkje gjer tilstrekkeleg ansvar til næringa
- mangel på politisk vilje til å stå ved vedtak, og manglande respekt for vedtak hos næringa

ⁱ Grønbok kan forståast langt på veg som ein "NOU" og er utarbeidd av EU kommisjonen. Framfor å gje klare svar og framlegg til handling, stiller ein gjerne spørsmål ved ei rekke område i EUs grøn boker. Slik sett fungerer grøn boker som ei form for notat til diskusjon.

Grønboka tar deretter opp desse problema, eitt for eitt, og stiller fleire spørsmål til diskusjon.

Overkapasitet

Her spør grønboke om kapasiteten skal regulerast gjennom lovar, og i tilfelle, korleis; vidare om det er ei løysing å innføra eit eingong opphoggingsfond; om det kan vera aktuelt å innføra rettar (individuelle eller kollektive) som kan overførast, og i tilfelle, kva slags sikringsmekanismar som må byggast inn; og endeleg, om dette skal løysast nasjonalt eller på EU nivå.

Fokus på mål i fiskeripolitikken

Her spør Kommisjonen korleis måla om økologisk, økonomisk og sosial bærekraft kan definerast med klare og prioriterte mål, som kan gje retning på framtidige avgjerder både på kort og lang sikt; og om fiskeripolitikken i framtida fyrst og fremst skal sikra jobbar i fiskeindustrien eller vera ein reiskap til å skapa andre jobbar i kystsamfunn; og kva for indikatorar og mål skal gjelda, slik at ein kan vita om ein er på rett veg eller ei.

Fokus på kjerne- og langtidspriinsipp

Her vil Kommisjonen ha innspel på korleis ein skal få til eit betre skilje mellom dei som formulerer politikken, og dei som skal gjennomføra han, og på ein slik måte at langtidsperspektiva står i sentrum og slik at ein får ei meir effektiv måloppnåing – kva skal Kommisjonen gjera, kva skal medlemsstatane ha ansvar for, og kva skal fiskerinæringa sjølve ta ansvar for? Kommisjonen spør også om ein trur at desentralisert avgjerdsmynde er ein god ide, og i så fall, er det tekniske eller gjennomføringsavgjerder som skal desentraliserast. Er det mogleg å delegera Kommisjonsmynde til nasjonale og/eller regionale styremakter, og i tilfelle, kva slags utfordringar vil det innebera?

Større ansvar til næringa

Her spør Kommisjonen korleis ein kan gje meir ansvar til næringa, slik at gjennomføringa av fiskeripolitikken blir meir fleksibel, samstundes som næringa bidrar til å nå måla i fiskeripolitikken.

Kommisjonen spør også om korleis flåten best kan strukturast slik at den kan få større ansvar og styre seg sjølv. Kva rolle skal organisasjonane spele her, skal dei inn på styringssida direkte? Og trengst det i så fall kontrollmekanismar for å sikra at dei fylgjer opp målsettingane med fiskeripolitikken. Skal ei slik ansvarleggjing også innebere kostnader for organisasjonane, t.d. kostnader med fiskerioppsyn, betaling for rettar osv., og skal dette i tilfelle berre gjelda for industrielt fiske, og korleis kan ein kombinera ei ansvarleg næring med konkurransekraft? Endeleg spør Kommisjonen om det finst gode døme som kan overførast til større deler av Europa, og skal det innførast støtteordningar for utveksling av 'best practice'?

Utvikling av ein kultur i næringa som respekterer avgjerder

For å få til ein kultur innan næringa som i størst mogleg grad respekterer avgjerder som er tekne, spør Kommisjonen om korleis ein kan forbetra innsamling av data om fisk, slik at avgjerder blir tekne på eit så godt grunnlag som mogleg. Kommisjonen spør også om kontroll frå EU, frå nasjonalt eller regionalt nivå sikrar best respekt, og om ein skal utvikle meir direkte liner mellom respekt og økonomisk støtte, og endeleg, om ein kan oppnå større respekt for avgjerder om t.d. kvoter dersom næringa sjølv får større ansvar, og/eller forvaltninga av fiskeressursane blir lagt til makroregionale nivå.

Vidare tek Grønboka opp ulike tiltak som kan forbetra forvaltninga av fiskeressursane i EU.

Kystflåten

Eit tiltak som blir diskutert er om ein skal ha eit differensiert fiskeregime, slik at den småskala kystfiskeflåten blir sikra vern, m.a. for å sikra busettinga i mange kystsamfunn, og Grønboka har fleire spørsmål om korleis dette i så fall kan bli gjennomført.

Betre fiske og god stabilitet

EU vil ha meir ut av fisket, m.a. vil ein stogga utkast av 'feil' fiskeslag, men også meir effektive planar for forvaltning av dei ulike fiskeslaga, og ber om innspel på korleis dette kan gjerast. EU er også oppteken av at fiskerinæringa skal kunne ha stabil tilgang til fisk, og også her må forvaltningsplanar bli eit viktig instrument.

Frå fangst til forbrukar

Kommisjonen er oppteken av korleis marknadsmekanismene i dag bidrar til eit lite effektivt og lønsamt fiskeri, og korleis ein kan snu dette. Kommisjonen undrar korleis ein skal få til eit meir marknadstilpasse fiskeri som samstundes er berekraftig. Eit tiltak kan vera sertifisering og kvalitetsmerking, betre mogleik til å spora og sjå inn i produksjonskjeda eit anna mogleg tiltak, og kva slags marknadstiltak bør ein sjå på i framtida.

Grønboka tek også til orde for å integrere fiskeripolitikken betre i den maritime politikken, der ein må analysere korleis fiskeria verkar inn på og samverkar med andre sektorar.

Grønboka er også oppteken av at ein må få betre grunnlag for dei avgjerdar som ein tek innan fiskeripolitikken og vil difor styrka innsamling av vitenskaplege data og forskning, og spør også korleis næringa kan bli betre involvert i ulike forskingsprosjekt og korleis forskinga betre kan utnytta data frå fiskerinæringa i sine prosjekt.

Grønboka tek sjølvsagt også opp om, kvifor, og i tilfelle korleis, EU skal støtte fiskerinæringa med offentlege midlar i framtida.

Grønboka tek vidare opp tilhøvet til land utanfor EU. I dag har EU ansvar for EU-flåten også når han fiskar i ikkje-EU farvatn, men EU ynskjer eit sterkare samarbeid med andre land og internasjonale organisasjonar om utviklinga av fiskeria i framtida, slik at dei same prinsippa som skal gjelda for EU sin framtidige fiskeripolitikk, også vil gjelda i hav der EU-flåten er aktiv.

Endeleg har Grønboka eit stutt avsnitt om fiskeoppdrett, der hovudspørsmålet er om oppdrettsnæringa skal inn i den felles fiskeripolitikken i framtida, eller skal det vera eit område for medlemsstatane åleine.

Vurdering og framlegg til innspel

Fiskeripolitikken er ikkje ein del av EØS-avtala, men det EU gjer på fiskerisektoren har store verknader også for oss.

Det er veldig positivt at Grønboka i stort mon føreslår endringar i fiskeripolitikken som er i tråd med norsk fiskeripolitikk og norsk fiskeriforvaltning. Slik sett blir norske fråsegner om Grønboka ei støtte til dei innanfor EU som ynskjer ei endring i fiskeripolitikken meir på line med norsk fiskeripolitikk. Slik støtte har dei behov for, for det er mange innan EU som er kritiske til mange av forslaga som Grønboka legg opp til, sjølv om dei fleste er samde i målsettingane om eit berekraftig fiske. Midla for å nå dit kan vera harde, og det er her ein kan venta mest motstand.

Framlegg til vedtak

Vi gjer framlegg om at Vestlandsrådet vedtek å utarbeide ei fråsegn til EU kommisjonen om revisjon av felles fiskeripolitikk basert på følgjande punkt:

- totalforbod mot utkastning av fisk
- strengare reaksjonar mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske
- tilpassing av flåtekapasitet til ressursgrunnlag
- funksjonell organisering av fiskeriforvaltinga basert på nærleiksprinsippet
- sterkare virkemiddel i handhevinga av strategiane for forvalting av fiskeressursane
- havområdebasert forvalting på tvers av landegrensar, men med større medansvar for forvaltinga for desse makroregionane
- større fokus på miljø i fiskerinæringa
- fjerning av subsidiar
- forskings- og kunnskapsbasert forvalting av fiskebestandane
- diversifisering av næringa – levedyktige lokalsamfunn, utvikling av komplimentære næringar
- 'good governance' – samarbeid mellom alle aktørar, private og offentlege, medbestemming og medansvar

Som ein vil sjå er fleire av desse punkta allereie omtala i Vestlandsrådet si handsaming av EUs maritime strategi. I tillegg har Nordland og Troms fylkeskommunar vedteke ei sams fråsegn som samsvarer med desse punkta.